



Seglingsprogram 2015

1. Reglar

ISAF's kappsseglingreglar 2013-2016 (RRS), aktuelle klassevedtekter og dette seglingsprogrammet for Hjeltefjorden Eintypeserie 2015.

2. Tryggleik, ansvar og forsikring

Regattaen er underlagt tryggleikskategori 6. Det er ein ufråvikeleg føresetnad at arrangøren eller nokon av foreninga sine funksjonærar, ikkje kan gjerast ansvarleg for nokon skade som rammar person eller eigedom under, eller i samband med kappseglingen.

Skipper på kvar enkelt båt har åleine ansvar for å avgjere om båten skal starte eller ikkje, eller om han skal halde fram med å kappsegle eller ikkje. Det vert tilrådd på det sterkaste å bruke redningsvest eller anna personleg flyteplagg under kappseglingen.

Kvar deltakande båt skal vera forsikra med gyldig ansvarsforsikring.

3. Påmelding

Det er ingen førehandspåmelding, altså er det berre å stilla til start.

4. Meldingar til deltakarane

Eventuelle endringar i seglingsprogrammet vert kunngjort på regattaen sine nettsider <http://www.seilmagasinet.no/?regatta=1904> seinast 48 timar før dei trer i kraft.

Eventuell melding om avlysning grunna sterk vind (>13 m/s) vert kunngjort same dag seinast kl. 1400 via SMS, Facebook og på regattaens nettsider:

<http://www.seilmagasinet.no/?regatta=1904>

5. Tidsprogram for seglasane

Datoar vår: 23/4, 30/4, 7/5, 21/5, 28/5, 4/6, 11/6, 18/6

Datoar haust: 13/8, 20/8, 27/8, 3/9, 10/9, 17/9


Fyrste varselsignal vert gitt kl. 18.30. Det vert segla inntil 5 seglasar.

Det vert ikkje gjeve varselsignal etter klokka 20.30.


6. Baneområde

Seglasane går føre seg i anten baneområde 1 (på vestsida av Bukkholm/Apalholm) eller i baneområde 2 (aust for Austre Rotøy). Dersom det grunna rådande vêrtilhøve er uaktuelt å segla i desse områda, kan arrangøren flytta seglasane til anna baneområde, dette vert

kunngjort med signalflagg L  og tre lange lydsignal.



7. Bane, løpsskildring og bøyer







Bøyer:

Alle bøyer vert runde raude bøyer.

Banelengde:











Fyrste klasse skal bruka ca 10 minutt frå startlinja til kryssmerket.

8. Klasseflagg og startrekkefylgje


Klasse	Start nr.	Klasseflagg
Yngling og Laser	1	D 
Express	2	E 
Melges 24	3	F 
F18	4	G 

9. Startprosedyre

Det vert gitt tre korte lyd støt ca. 15 sekund før startprosedyren startar.

Klasse	Signal	Tid	Flagg	Lydsignal	Klokkeslett 1. start
Yngling og Laser	Varsel	3 min	 opp	1 lyd	1830
	Klar	2 min	 opp	1 lyd	1831
	1 minutt	1 min	 ned	1 lyd	1832
	Start	0 min	 ned	1 lyd	1833
Express	Varsel	2 min	 opp		1833
	Start	0 min	 ned	1 lyd	1835
Melges	Varsel	2 min	 opp		1835
	Start	0 min	 ned	1 lyd	1837
F18	Varsel	2 min	 opp		1837
	Start	0 min	 ned	1 lyd	1839


Dette endrar regel 26.

Første klasse har uansett klasseflagg + signalflegg P  i startprosedyren.

Dagens andre, tredje og fjerde seglasar vert starta så snart som mogleg. Startprosedyren kan difor byrja før siste båt er komen i mål.

10. Endring av banen

Dersom vindendringar gjer banen urimeleg skeiv, vil arrangørbåten før neste seglas startar leggja ut nytt kryssmerke og justera linja så snart som råd.

Dette vert signalisert med signalflagg V  og eit lydsignal.

11. Avkorting

Avkorting av seglasar kan skje ved kva som helst merke i samsvar med regel 32.2. Ved avkorting ved merke 1 vert mållina mellom merket og arrangørbåten som fører signalflagget S.



13. Straffesystem

Ved brot på ein regel i Del 2 kan ein båt frigjera seg ved å umiddelbart ta ei eintørnsstraff. Dette endrar regel 44.1 og 44.2.

12. Maksimaltid

Maksimaltid for kvar seglas er 30 minutt for fyrste båt i kvar klasse. Båtar som ikkje går i mål innan 10 minutt etter den fyrste båten i sin klasse vert notert som DNF. Dette endrar reglane 35 og A4. Maksimaltid for kveldens siste seglas er klokka 2100.

13. Protestar

Protestflagg må setjast umiddelbart og førast ved målgang. Protesten må meldast til dagens arrangøransvarleg (sjå vedlegg 1) seinast 1 time etter siste båts målgang og må sendast skriftleg på E-post til kjellmag@gmail.com seinest dagen etter seglasen.

Ved innmeldt protest vert det teke kontakt med dommarlauget i Hordaland Seilkrets HSK for å setja saman protestkomité. Protester vert handsama så snart protestkomiteen kan samlast.

Meldingar om innkomne protestar vert kunngjort på regattaen sine nettsider, tilliks med informasjon om når og kvar høyring vil skje når dette er klart.

14. Resultatsystem

Lavpoengsystemet i Appendiks A vert nytta. Resultata vert kunngjort fortløpande på <http://www.seilmagasinet.no/?regatta=1904>

15. Premiering

Kvar klasse tek sjølv stilling til om den vil ha premiar. Dersom ein skal ha det bør det etablerast ein startkontigent som dekkar utgiftene til innkjøp av premiar.

Spørsmål kring regattaen kan rettast til Kjell Magnus Økland (95 04 67 39).

God seglas!

Vedlegg 1.

Arrangører 2015

Nr	Dato	Regattaansvarlig	Namn
1	Torsdag 23. april	Ran	Torbjørn Kaland og Erik Ruyter
2	Torsdag 30. april	Askøy	?
3	Torsdag 7. mai	Ran	Børre Børresen og Stein Langbråten
4	Torsdag 14. mai	Ran	Kjell Magnus Økland
5	Onsdag 21. mai	Askøy	?
6	Torsdag 28. mai	Ran	Axel Sømme og Bjørn Vie
7	Torsdag 4. juni	Askøy	?
8	Torsdag 11. juni	Ran	Jan Erik Iversen og Terje Bø
9	Torsdag 18. juni	Askøy	?
10	Torsdag 13. aug	Ran	Torbjørn Haugsdal og Sigurd Boasson
11	Torsdag 20. aug	Askøy	?
12	Torsdag 27. aug	Ran	Harald Blø og Håvard Dahl
13	Torsdag 3. sept	Askøy	?
14	Torsdag 10. sept	Ran	Svein Holmefjord og Amund Nordland
15	Torsdag 17. sept	Askøy	?

Regattaansvarleg er ansvarleg for baneleggjing, startprosedyre, fotografering, avkorting, resultatregistrering og banerydding.

Regattaansvarleg må sjølv skaffe ny regattaansvarleg i god tid og evt. byter skal meldast til Kjell Magnus Økland på kjellmag@gmail.com så snart som råd, slik at arrangørlista i vedlegg 1 kan haldast oppdatert.